

Kommunedelplan Rv. 5 Erdal – Naustdal

Nasjonal arealplan-ID 464720200042

Dato: 01.07.2023

RETNINGSLINER FOR VIDARE ARBEID

1. Formål

Retningslinjene inngår i dei føringane som skal leggest til grunn ved utarbeiding av reguleringsplan med utgangspunkt i denne kommunedelplanen.

2. Generelt om planen

- 2.1. Området skal regulerast til veganlegg med naudsynte lokal - og tilførselsvegar, vegkryss, gang- og sykkelvegar, samt avbøtande tiltak i form av skredsikring, støyskjerming og omforming av sideterrenget. Areal til anleggsgjennomføring inkl. riggområde og eventuelle massedeponi skal inngå i reguleringsplanen.
- 2.2. Eventuelle behov for omlegging av annan infrastruktur som kraftanlegg og høgspenteleidningar eller andre tekniske anlegg, skal avklarast som del av reguleringsplanarbeidet. Naudsynt omlegging skal utførast før eller samstundes med anlegg av vegtiltaket etter avklaring med eigar av det aktuelle anlegget.

3. Generelle miljøomsyn og krav til temaplanar som del av reguleringsarbeidet

I vidare planlegging skal det veljast løysingar som avgrensar dei negative konsekvensane for ytre miljø, så langt dette er teknisk mogeleg og økonomisk forsvarleg. Nye forhold kan kome fram i samband med reguleringsplanlegging. Dei punkta som er kome med er ut frå den kunnskapen ein har ved utarbeiding av kommunedelplanen.

3.1. Ytre Miljø

- 3.1.1. Det skal som del av reguleringsarbeidet utarbeidast ein oversikt over tema/problemstillingar som minimum skal vurderast i nærmare i Ytre Miljøplan. Ytre Miljøplan (YM-plan) skildrar prosjektet sine utfordringar knytt til ytre miljø og korleis desse skal handterast. Dokumenta skal hjelpe byggherren med å ivareta byggherreforskrifta og miljøkrav i lover og forskrifter.

3.2. Rigg- og marksikringsplan

- 3.2.1. Det skal utarbeidast ein rigg- og marksikringsplan for veganlegget som del av reguleringsarbeidet. I samband med fastsetting av grenser mellom rørt og urørt område, skal det takast omsyn til jord- og skogbruksverdiar, natur og kulturverdiar

samt vassdrag.

3.3. ROS-analysar og risikovurderingar

- 3.3.1. Før tunnelar blir sendt inn for sikkerhetsgodkjenning, er det ein føresetnad at det er gjennomført risikovurderingar i samarbeid med lokalt brannvesen og andre uttrykkingsetatar.
- 3.3.2. Der anlegget vil ligge innanfor aktsemdsoner sett av NVE, skal det gjerast ein nærare vurdering av skred og flaumfare i samband med planarbeidet i neste planfase, i tråd med gjeldande regelverk/retningslinjer.
- 3.3.3. Det skal gjennomførast ROS-analyse i reguleringsplanfasen
- 3.3.4. Det skal gjennomførast trafikktryggleiksrevisjon av veganlegget.

3.4. Støy og luftforureining

- 3.4.1. I samband med reguleringsplanen skal det gjennomførast ein støyfagleg utgreiing i samsvar med gjeldande støyretningslinje T - 1442.

3.5. Landskapsbilete, utforming og estetikk

- 3.5.1. Veganlegget skal ta omsyn til særpreget og skalaen til landskapet som anlegget ligg i.
- 3.5.2. Naturleg revegetering av jordfyllingane i skogsterreng må vurderast for å tilbakeføre det visuelle preget til eit heilskapleg skoglandskap samt for å dempe fjernverknaden.
- 3.5.3. I landbrukslandskap bør ein vurdere bakkeplanering for å dempe inntrykket av fyllingar og jordskjeringar.
- 3.5.4. I rigg- og marksikringsplanen bør det gis føringar for masseflytting. Dette for å sikre at matjord vert teke vare på, landskapet sine kvalitetar blir ivaretekne, at ein får god revegetering og at ei unngår spreieing av uønska artar i anlegget.

3.6. Kulturminne og kulturmiljø

- 3.6.1. Tilhøve til kulturminne og kulturlandskap skal avklarast i reguleringsplanfasen.

3.7. Naturmangfald og vasskvalitet

- 3.7.1. Det viktigaste tiltaket her er å minimere arealbeslaget innanfor, eller nær inntil, dei registrerte lokalitetane, både anleggs- og driftsfasen. Ein bør ha stor fokus på dette i alle fasar av prosjektet, og spesielt for lokalitetar med middels og stor verdi.
- 3.7.2. Ved kryssing av bekkar og vassdrag med skal arbeid og utforming av kulvertar/røyr og bruer ivareta omsynet til laks/aure.
- 3.7.3. Det er viktig at ein i område med førekomst av svartelisteartar unngår spreieing av desse gjennom ei forsvarleg kartlegging, handtering og deponering av dekningsmassane.
- 3.7.4. Kantvegetasjon og flaum-marksskog langs vassdrag skal så langt som mogeleg takast vare på. I anleggsområde der den må fjernast skal det leggest til rette for reetablering av kantvegetasjon.
- 3.7.5. Det må sikrast at avrenning frå tunnel/anleggsområde ikkje forringar vasskvaliteten i vassdrag.
- 3.7.6. Generelt bør anleggs- og riggområde, massedeponi o.l. i størst mogleg grad lokalisert til areal som allereie er påverka av menneskeleg aktivitet framfor i verdifull natur.

3.8. Naturressursar – jord- og skogbruksområde.

- 3.8.1. Det skal i vidare planarbeid jobbast med løysing som har fokus å avgrense beslag av jordbruksareal.
- 3.8.2. Tap av fulldyrka mark skal i størst muleg grad kompensert ved å opparbeide nye eller forbetre eksisterande jordbruksareal.
- 3.8.3. Matjord som må fjernast frå veglinja skal takast vare på og nyttast som vekstmedium på jordbruksareal. Det må settast av tilstrekkeleg areal for ev. mellomlagring av matjord.
- 3.8.4. Naudsynt fagkompetanse skal nyttast i samband med krav til lagring av matjord og opparbeiding av nye jordbruksareal/forbetring av jordbruksareal.
- 3.8.5. Kartlegge drikkevassbrønnar og planlegge korleis desse kan erstattast dersom dei vert øydelagde.

3.9. Veg- og trafikksystem

- 3.9.1. Vegløyisinga for ny hovudveg må optimaliserast i reguleringsplanarbeidet med tanke på geometri, grunntilhøve, geologi, terrengtilpassing, omsyn til natur- og kulturmiljøverdiar, nærmiljø og andre miljøverdiar.
- 3.9.2. Kryssutforming må avklarast.
- 3.9.3. Utforming av råka sideterreng og plassering av overskotsmassar i til dømes skjermende terrengvollar langs veg eller som utfylt areal som kan nyttast til samfunnsnyttige føremål (landbruk, friluftsliv og rekreasjon, utbygging m.m.), må avklarast i tilknytning til veganlegget.
- 3.9.4. Løysingar for kryssingspunkt for turvegar, driftsvegar og viltpassasjar skal avklarast i det vidare reguleringsarbeidet.
- 3.9.5. Utforming av anlegg for gåande og syklande i skal utformast i det vidare reguleringsplanarbeidet
- 3.9.6. Løysingar for kollektiv skal avklarast i reguleringsplan

3.10. Naturfare

- 3.10.1. Der anlegget vil ligge innanfor aktsemdsoner sett av NVE eller faresoner, skal det gjerast ein nærare vurdering av skred og flaumfare i samband med planarbeidet i neste planfase
- 3.10.2. Det skal utførast detaljerte geologiske og geotekniske grunnundersøkingar for å få best mogleg grunnlag for reguleringsarbeidet, jf. anbefalt oppfølging i geoteknisk og geologisk rapport. Fare for område-skred pga. kvikkleire skal dokumenterast i samsvar med tilrådingar i NVE sin rettleiar 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred.
- 3.10.3. Det skal gjerast nærmare vurderingar i høve flaum, erosjon mv. for å få best muleg grunnlag for reguleringsplanarbeidet jf. rapport hydrologi. Veganlegget skal utformast slik at det ikkje gir vesentlege negative verknader for flaumsituasjonen. Konstruksjonar under flaumnivå skal sikrast i høve flaum. Flaum vurderingar tek utgangspunkt i 200 års flaum med klimapåslag. Utforming av veganlegget skal ta høgde for klimaendringar, jf. Handbok N200 Vegbygging.

3.11. Massehandtering

Det skal utarbeidast plan for berekraftig massehandtering i samband med reguleringsplan. Masseforvaltning skal ta utgangspunkt i ressurspyramiden.

3.12. Anleggsperioden

- 3.12.1. Minimalisere inngrep og skader på tilgrensande areal i anleggsfasen, særleg langs vassdrag.
- 3.12.2. Det skal sikrast trygt tilgjenge til friluftsområde og viktige innfallsportar til friluftsområde i anleggsperioden.
- 3.12.3. Trafikktryggleik for alle trafikantgrupper er viktig i anleggsfasen.
- 3.12.4. Støy i anleggsfasen vert handsama i tråd med støyretningslinje T – 1442.
- 3.12.5. Det skal vurderast naudsynte tiltak mot skadeleg avrenning frå tunnelar, gravearbeid, anleggsområde, mellombelse lagerplassar for massar og massedeponi. Spesielt fokus på avrenning mot vassdrag.
- 3.12.6. For å unngå skade på viktige kulturminne i anleggsperioden, må dei verte merka. Dette vil vere særskilt viktig i sårbare område. Slik merking må gjerast i samråd med fylkeskommunen.

4. Retningslinjer for konkrete område - dagsone Naustdal

4.1. Veganlegg

- 4.1.1. Kommunedelplanen har sett av ein brei korridor (H710) for framtidig riksveg 5. Det gir rom for å optimalisere samferdsleløysinga ved utarbeiding av reguleringsplanen.
- 4.1.2. Det skal leggast vekt på å redusere negative verknader for laksestamma i Nausta og for allmenne interesser.
- 4.1.3. Det skal leggast vekt på å redusere ulempene for jordbruket ved utarbeiding av reguleringsplanen.
- 4.1.4. I kap. 0 i planomtalen er det gjort greie for omsyn som skal utgreiast nærmare og reguleringsplanfasen. Det er eit vilkår for fråfall av motsegn til kommunedelplanen at desse omsyna vert utgreidde.
- 4.1.5. Det skal regulerast kollektivanlegg i Naustdal, i området ved Jarane/nytt kryss med eksisterande riksveg. Det skal opparbeidast sykkelparkering ved kollektivpunkt i Naustdal.

4.2. Omsynssone naturmiljø (H560_2)

- 4.2.1. Samferdsleanlegget kryssar elva Nausta som har status som nasjonalt laksevassdrag. Vassdraget er og verna mot kraftutbygging. Det skal takast særskilt omsyn til tilhøva for laksestammen og allmenne interesser ved utforming av veganlegget.
- 4.2.2. Samferdsleanlegget skal utformast slik at det ikkje gir vesentlege negative verknader for laksen. Brukryssing bør utformast med fundament som ikkje berører rennande vatn ved normalvasstand.
- 4.2.3. Kantvegetasjon og flaummarksskog skal i størst muleg grad bevarast. Der kantvegetasjon/flaummarksskog vert fjerna på mellombels anleggsområde skal det leggast til rette for reetablering av kantvegetasjon.
- 4.2.4. Kompenserande tiltak knytt til laksestamma i Nausta som opprettheld eller forbetrar dagens situasjon skal vurderast. I reguleringsplanprosessen må det vurderast kva som er aktuelle tiltak på gjennomførings- tidspunktet. Det bør gjerast ei moglegstudie for kompensierende tiltak der tiltaka vert rangert i et kost-nytte perspektiv og

gjennomførbarheit.

Nausta elveeigarlag og relevante fagmynde knytt til bevaring av laksestammen skal involverast i arbeidet.

Døme på aktuelle tiltak ved tidspunkt for kommunedelplan er vist i kap. 0.7 i planomtalen. Tiltak utanfor planområde er og aktuelle.

- *Ved re-etablering av bunns substrat bør det vurderast å legge ut meir elvestein for å betre skjul etter tiltaket er ferdig og elvebotnen er re-etablert.*
- *Vidareføre habitattiltaka i Nausta med særleg fokus på å etablere oppvekstområde i nærleiken av gytebrekk i deler av elva som ikkje er restaurert.*
- *Opprette fangdammar for finsediment i tilførselsbekkane som bidreg mest til massetransport av finare partiklar ut i hovudelva.*
- *Restaurere kantsona ned mot elva langs vegfylling til Naustedalen vegen (fv 5691). Området bør restaurerast slik at det er lagt til rette for naturlege fluviale prosessar, eksempelvis ved å etablere tilbaketrekt erosjonssikring.*
- *Ei nærare vurdering av potensialet for opning av eigna sideløp eller sidevassdrag.*

4.3. Friluftsliv

4.3.1. Tursti over Jarane skal leggest om ved bygging av ny riksveg 5 og sikrast planfri kryssing av ny riksveg

4.4. Landbruk

4.4.1. Veganlegget skal utformast slik ein tilrettelegg for best muleg landbruksdrift etter ny riksveg er bygd. Det skal leggest vekt på å redusere tap av jordbruksareal, god arrondering og planfri tilkomst til restareal. Skråningar skal utformast slik at dei kan haustast maskinelt så langt som muleg. Bruk av overskotsmassar for bakkeplanering og oppgradering av jordbruksareal skal vurderast.

4.4.2. Matjord som vert fjerna frå veglinja skal nyttast som vekstmedium på jordbruksareal.

4.4.3. Fulldyrka mark som går tapt som følgje av veganlegget bør kompensert ved nydyrking eller ved oppgradering av eksisterande jordbruksareal i kommunen.

5. Retningslinjer for konkrete område - dagsone Erdal

5.1. Det skal regulerast anlegg for kollektiv i Erdal. Viktige behov er busslommer ved nytt kryss med rv. 5 i Erdalen og snuplass ved Kvieneset. Det skal vurderast snuplass for bybuss, t.d. ved ny badestrand i Erdal.

-----//-----